Informasjon til elevar og føresette om undervisningsevalueringa 2026-27

Det er politisk vedteke at vidaregåande skular i Vestland skal gjennomføra ei undervisningsevaluering. Målet med evalueringa er at ho skal vera eit verktøy for kvalitetsutvikling i den vidaregåande opplæringa i fylket. Resultata skal brukast i utviklingsarbeid mellom lærar og undervisningsgrupper, og mellom lærar og avdelingsleiar. Rambøll Management Consulting hjelper fylkeskommunen med design, gjennomføring og rapportering av evalueringa.

Evalueringa blir gjennomført som ei elektronisk spørjeundersøking som elevane skal gjennomføra i skuletida. Det er frivillig for elevane å svara på undersøkinga, men me oppmodar alle elevar til å delta. Svara blir behandla konfidensielt, og ingen vil kunna identifisera enkeltsvar. Det vil berre bli utarbeidd rapportar for grupper med fem eller fleire svar.

Elevane skal evaluera undervisninga til lærarane sine. Den enkelte elev skal svara på evalueringa éin eller fleire gonger. Talet avheng av kor mange av eleven sine undervisningsgrupper som blir valde ut til evaluering. Det er også mogleg at ein elev ikkje skal evaluera nokon lærarar. Det er skuleadministrator som har bestemt kva grupper som skal evaluerast. Spørsmåla er like for alle fag og undervisningsgrupper. Spørjeskjemaet er utvikla i samarbeid mellom Rambøll og Vestland fylkeskommune. Skjemaet inneheld spørsmål fordelte på fem tema: Eleven sin motivasjon og meistring, læringsmiljøet i gruppa, vurderingspraksis, støtte frå lærar og faglege utfordringar og forventingar.

Med venleg helsing

Tor Inge Kalstad

Rektor, Bømlo vgs.